


Framskriving av avfallsmengdene i Ålesundregionen fram mot 2030

Generelt er det vanskeleg å framskrive avfallsmengdene 15 år framover i tid. Ein oversikt over utviklinga i mengden hushaldsavfall frå 1996 til 2015, altså dei siste 20 åra, ser slik ut:

Figur 1. Konsum og avfall. Hushald. Indeks 1996 = 1



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Tala syner ein samanheng mellom forbruket i hushalda og kor mykje vi kastar. I åra fram til 2008 auka mengda hushaldsavfall i snitt med 5 prosent kvart år. Det var meir enn forbruksvolumet i hushalda målt ved privat konsum i faste prisar. Dei fem siste åra har derimot auken i avfallsmengda i snitt vore mindre enn volumauken i forbruket. Frå 2014 til 2015 gjekk mengda hushaldsavfall opp med berre 1,1 prosent, medan forbruksvolumet voks 2 prosent. Mengdene hushaldsavfall har auka med om lag 50 % i perioden frå 2000 til 2015. Det er mange andre faktorar som har også kan ha innverknad på utviklinga i avfallsmengde. Avfall Norge-rapport nr. 4 – 2015 «Scenarier for avfallsmengder og behandlingsskapitet fram mot 2030» blei vurdert i arbeidet med å lage forslag til strategi for ÅRIM. Denne rapporten er utarbeidd som ein del av prosjektet «Helhetlige rammebetingelser for

avfallshåndtering», eit prosjekt som blei etablert med bakgrunn i utviklinga av europeisk avfallspolitikk.

Her blir det gjort ei framskriving av avfallsmengder per innbyggjar til 2030, basert på Statistisk Sentralbyrå sin metodikk, men med ei tilpasning (lågare avfallsvekst per innbyggjar etter 2020). Med denne framskrivinga aukar dei totale avfallsmengdene i ÅRIM med nesten 39 % i perioden; avfallsmengden per innbyggjar aukar med 24 %.

Spesifikke analyser for ÅRIM

Mepex Consult AS har som eit underlag til arbeidet med strategi for ÅRIM gitt ei oversikt over forventta utvikling når det gjeld avfallsmengder frå innsamlingsordninga:


Som utgangspunkt er det benyttet avfallsmengder for 2015 som oppgitt fra ÅRIM. Avfallsmengdene er framskrevet til 2030 for å ta høyde for at utstyr og anlegg må dimensjoneres for en framtidig avfallsmengde. Befolkningsveksten i regionen i perioden 1985 – 2015 var i ÅRIM på 1,2 % pr år. Det er forutsatt en tilsvarende vekst i neste periode. Befolkningsveksten i ÅRIM ligger noe høyere enn landsgjennomsnittet, men lavere enn i de store byene. SSBs framskrivning av folkemengden viser fortsatt høy vekst fram til 2020 for deretter å følge en flatere vekstkurve.

I tillegg til befolkningsveksten vil avfallsmengdene kunne øke som følge av økt konsum. SSBs statistikk viser god korrelasjon mellom veksten i husholdningenes konsum og veksten i husholdningsavfallet for landet som helhet. Det kan derimot være variasjoner mellom landsdeler og mellom by og land. Utviklingen i økonomien, spesielt et vedvarende lavt oljeprisnivå vil kunne medføre lavere vekst i økonomien i årene som kommer. Endret forbruksmønster og endret bruk av materialer i emballasje vil dessuten kunne gi ulik vekstrate for ulike materialslag. Vi ser allerede en betydelig nedgang i papirmengden som følge av redusert forbruk av papiraviser.

For å forenkle dette kompliserte bildet har vi valgt å legge inn en forutsetning om årlig økt befolkningsvekst på 1,1 % fram til 2030. Vi har ikke regnet spesifikk vekst i avfallsmengden i perioden.


Analyser av samansetninga av det avfallet samla inn i ÅRIM i 2015 (til saman 242 kg per innbyggjar) gir denne materialsamansetninga:

Samansetning av innsamla avfall frå ÅRIM - kg pr. innbyggjar



I denne samansetninga er ein del avfall som er definert som «anna komposterbart» definert som restavfall. Det gjeld t.d. planterestar. Dersom dette blir lagt til matavfallet, aukar mengdene mat til om lag 100 kg.

Med forventa folketalsvekst på 16 % for perioden 2015 - 2030, og med den føresetnaden at forventa auka kjøpekraft i perioden ikkje gir auke i avfallsmengden, skisserer Mepex følgjande utvikling i innsamla avfallsmengder:



Samanlikna med den nasjonale studien, som skisserer ei auke i avfallsmengdene på 39 %, er dette anslaget relativt konservativt.

Tiltak for å redusere matsvinn og matkasting

Matsvinn og matkasting har fått stadig auka fokus. I EU si pakke for sirkulærøkonomi er det ei målsetting å halvere mengdene matavfall innan 2030. Dersom ÅRIM skulle klare å oppnå ei halvering av mengden matavfall som blir kasta per innbyggjar, vil dette (samanlikna med Mepex si analyse for ÅRIM) gi ein reduksjon i mengden matavfall frå ÅRIM i 2030 frå nesten 10 000 tonn årleg til om lag 6 000 tonn årleg. Totalt sett vil reduksjonen i innsamla avfallsmengder frå 2015 til 2030 vere om lag 5,5 %; avfallsmengden per innbyggjar går ned med om lag 8 %.

Det er viktig å vere klar over at det i dag ikkje er identifisert aktuelle tiltak, ut over ei vesentleg prisauke på mat, som kan gi ei halvering av matavfallsmengdene. Dette er imidlertid eit tema som vil ha høg merksemd i europeisk avfallspolitikk i åra framover.

Andre faktorar som påverkar utviklinga i avfallsmengdene

1) Utvikling i folketal

SSB opererer med ni hovudalternativ for folketalsutvikling i sine framskrivingar. Forventa folketal i ÅRIM til 2030 varierer i desse modellane mellom 104 726 innbyggjarar og 121 093 innbyggjarar. Mepex sitt anslag ligg i den øvre delen (men tek altså utgangspunkt i ein nullvekst i avfallsmengde per innbyggjar).

2) Utviklinga i kjøpekraft

OECD har i sine prognoser for Noreg, gjengitt i Perspektivmeldingen 2013 frå Regjeringa, lagt til grunn ei gjennomsnittleg årleg vekst i BNP på 2,9 % for perioden 2011 – 2030. For perioden 2030 – 2060 blir den årlege veksten redusert til 1,9 % i prognosene.

Med ein årleg vekst på 2,9 % vil den samla auken i hushaldsavfall i ÅRIM fram til 2030 vere over 40 %.

3) Val av emballasjemateriale

Mykje av papir, plast, glas og metall i hushaldsavfall er emballasje. Det skjer ei kontinuerleg utvikling når det gjeld materialval knytt til emballasje. Dette kan få store konsekvensar for fordelinga mellom dei ulike materialtypene i avfallet. I 2015 og 2016 har det nasjonalt skjedd ein viss overgang frå bruk av plast til bruk av glas for drikkevareemballasje; slike framtidige endringar er det vanskeleg å kvantifisere.

4) Produsentansvarsløysingar for innsamling av emballasje

Innføring av sirkulærøkonomi i Europa legg auka ansvar på produsentane for å sikre auka gjenvinning av emballasje. Det kan tenkast løysingar, slik vi mellom anna har sett i Storbritannia, der emballasjeprodusentar og -importørar i større grad tek ansvar for innsamling av emballasjeavfall gjennom eksisterande logistikksystem (først og fremst daglegvarebutikkar). I dag er dette gjennomført i pantesystemet. Dette er vurderingar som ÅRIM vil måtte sjå nærare på i samband med vurderingar av etablering av eit eventuelt ettesorteringsanlegg for innsamla restavfall.

Grunnlag for planlegging av behandlingsanlegg for matavfall

Utviklinga i mengdene matavfall mot 2030 er viktig i vurderinga av om det bør etablerast eit anlegg for biologisk behandling av matavfall i regionen.

I dette arbeidet er det imidlertid også fleire andre omsyn som må vurderast, i tillegg til reine økonomiske tilhøve, m.a.:

- Tilgjengelege ressursar i form av våtorganisk avfall frå verksemder (t.d. settefiskslam, slakteriavfall, husdyrgjødsel m.v.)
- Tilgjengelege areal som kan nytte biorest til jordforbetring (erstatning av mineralgjødsel)
- Aktuelle alternative løysingar, t.d. forbehandlingsløysingar for transportoptimalisering.

ÅRIM legg opp til å arbeide vidare med dette.